
Fra: Anne-Lise Næs Olsen
Sendt: 30. september 2015 14:19
Til: 'Rune Kristoffersen'
Kopi: Merethe Tvedt
Emne: SV: Spørsmål vedrørende g/bnr 9/29 Mongsedalen
Vedlegg: Planføresegner_Mjukebakkane.pdf; Feilretting føresegner godkjent av formannskapet.pdf

Hei.

1. Reguleringsplan for Mongsedalen/Mjukebakkane på Hjertås legg til rette for bustader, fritidsbustader, naust, friområde og tilhøyrande teknisk anlegg. Reguleringsplanen tek vidare omsyn til landskap og omgjevnadar, sikrar verneverdige bygg og anlegg, og vernar vegetasjonsbelte med edellauvskog. Føresegnene set rammer for utbygginga ved krav til etappevis utbygging, estetikk og fargesetting. Innafor bustadformåla kan det byggjast einebustader med tilhøyrande garasje. Utnyttingsgraden er sett til maksimalt 25%, og bustadane kan førast opp i 1 1/2 høgd. På tomteareal der det høver, kan det førast opp vertikaldelte to-mannsbustader eller bustadar med sekundærhusvære. Krav til parkering er 2 plassar pr. bustad, der ein av dei kan vere garasje/carport. For vidare detaljar så viser me til føresegnene til reguleringsplanen, sjå vedlegg.
2. Når ein ser bustadområdet i si heilheit, så er det stort sett fullt utbygd, men på eigedom 9/29 som de spør om, vil det vere høve til fortetting innafor dei krava som reguleringsplanen med føresegner set.
3. Når det gjeld talet på eventuelle nye bustadar/tomter innafor denne eigedommen, så lyt dette spørsmålet vurderast opp imot føresegnene til reguleringsplanen. Ein lyt halde seg innafor krav til utnyttingsgrad og krav til parkering. For å kunne vurdere spørsmålet ditt fullt ut, så lyt det lagast ein heilskapleg situasjonsplan for tomtedeling og felles infrastruktur. Det lyt leggjast ved ein illustrasjonsplan som syner korleis bygningar kan plasserast, korleis utnyttingsgraden då vil verte. Tilkomst med parkering og med høve til å snu på eiga tomt lyt også gå fram av situasjonsplanen. Ein lyt ta omsyn til estetikk, og som hovudregel skal tiltak tilpassast terrengkotene.
4. Når det gjeld krav til teknisk infrastruktur, så vil ny kommuneplan med føresegner vere retningsgjevande i tillegg til føresegnene til reguleringsplanen. Me legg ved desse. Sjå særleg pkt. 1.5.2, men også pkt. 1.4.1.

Ta kontakt dersom du lurar på noko meir.

Med venleg helsing

Anne-Lise Olsen
Fagansvarleg Plan
Tlf. 56171000/1173
e-post: anne.lise.olsen@meland.kommune.no



Fra: Rune Kristoffersen [<mailto:rune.kristoffersen@villanger.no>]

Sendt: 25. september 2015 14:28

Til: Anne-Lise Næs Olsen

Emne: Spørsmål vedrørende g/bnr 9/29 Mongsedalen

Hei


Viser til telefonsamtale vedrørende Reguleringsplan for Mongsedalen med id: 125620010502

Og spesifikk eiendom 9/29

Vi lurar på følgende:

1. Hva var tanken bak planen
2. er område fullt utbygget (det står beskrevet med 12-15 boliger og med 3 boliger i året.)
3. Kan vi forvente og få skilt ut en eiendom i denne størrelsen til fire mindre eiendommer for Eneboliger?
4. ligger det begrensninger i forhold til: vei, teknisk og utbyggingsprogram i kommunen?

Mvh Rune



Nordbohus Villanger & Sønner AS
Tlf 56 35 79 70 - Fax 56 35 79 71
Kvassnesveien 45 5914 Isdalstø
www.nordbohus.no/villanger



Bygd for å vare

Rune Kristoffersen
Bolig selger/ Faglig leder
Mobil 92 68 50 32
rune.kristoffersen@villanger.no